Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss

Emne: Gamal eng kultur | Bygdelag: Bordalen

Oppskr. av: Olav Rogneboke | Gard: Himle

(adresse): Reppen | G.nr. 202 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Helst eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Margretha Rogneboke, 80 år, Himle, bondekona.

SVAR

1. Den (dyrka) [gjödsla] jorda kalla me eng. Det andre inn anfor bögarden heitte smågras.
Utslåtte var sammann på det som låg utanfor bögarden.
Ekra var eit stykke som hadde vore åker.
Ein bruka nemningane Tjukkeng om den beste enga. Småeng var ofte i utkanten av enga.
Den vart ofte gjödsla med kustamök og vart bruka til öykjahöy.
Ein skilde millom Ååhöy (= enghöy. Ein kunne segja engjahöy og) og småhöy.
På Himle er det mest langorvslått. Men etter gamalt var her nokre faste stuttorvslåtter.

2. Rydjinga var når ein var ferdig med vårvinna. Ein raka saman kvist og rusk med riva og la det inntil ei rot, oppå ei röys ell liken. – Rumingsdyngja å rydja (uttalen namnast: å ryggja)
Kvisthaugane let ein rotna.
Ein grov steindom opp steinar som stakk opp om torva.

3985

3. Ein breidde smalemöka bok mosen.
Ein kunne bruka höyfrö når ein ville byggja att ein åker.

4. Ein tok stundom opp veiter (fjaoveit)

5. Eng vart gjödsla med vintergjödsel. Utslåttar vart ikkje gjödsla.

1 Sauemök var god til eng. (Sjå 3.)

6. Ein kunne bruka namnet kvedafor.

7. Frå mottinga kom mottingsiget. Ein kunne stundom spreia det med små grunne gröfter.
Ein rekna at engstykke nedan for åkrane vart gjödsla av siget.

8. Det allermeste av enga vart gjödsla om våren. Ein bruka dei same reidskapane ~~ved~~ åkergjödsling som ved enggjödsling. Berre harva var ulik. Ein köyrde ut gjödsla om vinteren på mykjeslede



Denne sleden var nokså stor og jarnskodd. Ein lesste med styng. Det finst enno att trestyng kring i bygda. Men dei har ikkje vore i bruk siste 60-70 år. Enno höyrer ein stundom folk kalla ein greip for styng.



Styng.

Om våren köyrde ein gjödsla frå dei store dungane ein hadde köyrt ut om vinteren, med ein mindre mykjeslede. Han hadde same skap, men var mykje mindre enn vintersleden og hadde tremeiar.
Dette arbeidet kalla ein å randa myk. Ein la lassa i rader før ein breidde dei. Smalegardane (d.v.s. smalegjödselen) smuldra

3985

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Treska



ein med eit grev. Var det fast og hardt, bruka
ein hamaren, og var det blautt og seigt,
bruka ein piggen. Ein smuldra denne
gjødsela heilt fin. før ein breidde med
ei reka av tre. No er det ingen som brukar
treska. Ein har bruka stål-grip og stålspade
~~sidan kring~~ lang tid. Men eg hugsar
sume bruka treska kring 1915.
Frå gamalt har ein bruka ein bjørkeslo
til å smuldra møka med. Ein køyrde
sloen over møka. Ein tok til øvst om jordstykket
halla. Alle på garden var med og „rakte
itte sloa." Ein raka dei klumpane som
var att nedover, så dei kom under sloen
att neste gong. Det som var att nær ein kom til
nedste kanten, køyrde ein sloen nokre
gonger over. Resten køyrde ein på åkeren.
No brukar ein gjødselharv (mykjeriola)
Men mange legg ein bjørkeslo ovanpå.
Ein bind harva fast til sloen med streng.
Ein kallar dette arbeidet å riola myk. (Smuldringa.)
Ingen her om kring brukar gjødselspreiar
enno.

9. Eng og utslåtter vart før beita haust og vår.
Var ikkje høyrt at ein beita for gjødslinga
si skuld. — All eng vart beita både haust
og vår. Men sidan det kom merkesgardar

10. millom gardane (kring 1915) har det minka
med beiting av eng. Ein har meir og
meir gått over til kulturbeite. No brukar
visst ingen på Bordalen enga til beite.
I Reppen er det enno i bruk å sleppa
sauene på enga haust og vår.
Sume let kyrne også beita på enga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11. Var det ein stad der krötera bruka liggja, så der vart mykji gjödsel, bruidde ein det gjerne utover med ei riva.

12. Ein hadde vårflor med bögarden. Den bruka ein når kyrne var i marka. På heimebite vart dei bundne inn i heimfjöset.

13 Kyrne vart alltid sette inn i fjös om natta.

19. Eit inngjert stykke kallast eit trae. Sume har eit slikt trae ved vårfloren. Det vart då gjödsla med den gjödsla ein fekk der.

Sume staden heiter staden der vårfloren er "mjölstödl" (Skutlesmjölstödl)

20. Alle stölar på Bordalen har stölstrae. Det er gamalt. Sume har no slutta med stölstraet. Men dei fleste held fram med å slå det endå om dei ikkje er på stölen med krötera lenger. Stölstraet vart alltid godt gjödsla avdi der vart mykji gjödsel på stölen. Ein gjödsla alltid om hausten, og rivla helst med riva om våren når ein kom på stölen. Sume bruka også sloe. Eit par staden har eg sett gjödselharv på stölen.

3985
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING